

16

Send meiningane dine til:
desk@strlien.no


DEBATT

Ein skule for alle

Ein av dei viktigaste sakene i den norske skulen er at alle skal få tildeilt like muligheter frå dag ein. Derfor er det viktig med nivåtilpassa læring i skulen, fordi det vil vere det mest rettferdige for elevene.

Alle elevvar fortener å bli møtt med utfordringar som passar dei, og som kvar enkelt elev kan finne utfordrande og lærerike.

Eg sjølv veit korleis det er å sitte i eit klasserom og vere både nedfor og demotivert fordi eg ikkje forstår noko av det som foregår i timen. Eg skulle ønske det da hadde come ein lærar bort til meg og gjidd meg ei oppgåve som eg hadde klart å løyse, samtidig som den hadde gjidd meg mykje lærdom. Då veit eg at min skule-



Kristoffer Risnes, leiar i Nordhordland unge høvre.

Kvardag hadde vore mykje meir spennan-

de og gøy. Du lærer tross alt mest når du forstår kva du lærer om og meistrar det.

Vi er alle forskjellige og ikkje alle lærer på samme måte. Alle har gode og dårlege kvaliteter i skulen. Derfor er det viktig at du får eit opplegg som gjer at du lærer så mykje som du kan, og får mest ut av kvar einaste skuledag.

Skulen er tross alt noko av det som former framtida di. Då er det viktig at alle skal få mest mulig læring og kunnskap ut av det, som dei kan ta med vidare i livet. Med nivåtilpassa skule vil fleire fullføre skuleløpet sitt, og fleire elever består eksamen.

Med nivåtilpassa undervisning kan trivselen bli økt blant elevane for dei kan stå opp kvar morgon og veta at det faktisk

er vits at dei møter opp på skulen. Dei forstår kva som skjer i undervisninga.

Det vil hjelpe dei svake i skulen til å få mindre fråvær, økt trivsel og økt læring.

Det same gjelder dei som er teoretisk flinke, dei vil også få stort utbytte av dette, fordi det er mange av dei skuleflinke som manglar utfordring i skulen og føler de trenger større utfordringar. Nå får også dei ein mulighet til å utvikle seg meir.

Vi må gjere det vi kan for at den norske skulen skal bli enda betre, og at fleire fullfører. Nivåtilpasset undervisning er et stort steg i riktig retning!

Kristoffer Risnes,
leiar i Nordhordland unge høvre

Medverknad og demokrati i E39-saka


På nyåret 2021 skal Alver kommune fatte vedtak om ny trasé for E39, mellom Knarvik og Elkefet. Statens vegvesen står bak utgreiningane av traséval, på bestilling frå politikarane i gamle Lindås kommune. Dette blir ei avgjerd som vil få store konsekvensar for framtida til mange av bygdene i Alver, når ny motorveg skal først gjennom landskapet.

Alver er avhengig av høg tillit frå folk for å kunne styre kommunen best mogleg gjennom tøffe «vegval». Då må kommunen leggje til rette for at befolkninga kan ta del i ein offentlig debatt. Innbyggjarane må få god informasjon og mulighet for medverknad. Dei politiske partia må vere tydelege på kva som er dei viktigaste politiske prioriteringane i saka, og kvifor. Kva er bakgrunnen for at dei ønskjer desse trasévåla utgreidd, og kva vertidar vert vektlaagd? Utan svar på dette vert det umogleg å føre ein open dialog/diskusjon, før alt er bestemt.

Etter førre lesarinnlegg har vi fått mange gode tilbakemeldingar frå fleire politikarar. Det er berre eit parti som har markert ein tydeleg ståstad i saka, og det er Alver Senterparti. Me takkar for det. Det kan vere tøft å vere tydeleg på kva eit parti meiner i ei sak, med mange reaksjonar for og imot. Men det er nettopp dette som trengs for å få openheit i saka, skape offentlig debatt, og få alle sider fram som kan gje grunnlag for medvetne val. Sp viser til det Vegvesenet skriv i siliingsrapporten; at traséane V8 og V7C forbi Isdal og Åse har størst konfliktgrad, og at dette er enorme terrenginngrep med sin 4-felts veg.

Alver Sp har peikt på at dei kortare vegalternativa V3 eller V4 kan vera den beste løysinga totalt sett.

Samstundes må me passa på at ikkje bygder vert sett opp mot kvarandre, og at dei best mulige traséane vert utgreia, slik at politikarane slepp å velje mellom «pest eller kolera». Dei minst konfliktfylte alternativa, V4 og K6, står i fare for å bli teke ut, pga fråvåk ved kryss i fjell. Desse alternativa kan og løysast utan



Alver er avhengig av høg tillit frå folk for å kunne styre kommunen best mogleg gjennom tøffe «vegval».

kryss i fjell, om politikarane ber Statens vegvesen om at dette vert utgreia.

Kommunen bør leggja til rette for ein solid demokratisk prosess, og gje innbyggjarane reell mulighet for medverknad og samskaping. God informasjon er sjølvsagt viktig, slik at ein kan føra ein tydeleg debatt. Når koronakrisa gjer det vanskeleg å halde folkemøte eller å invitere politikkarane på synfaring, så må kommunen leggja til rette for andre måtar sikre medverknad på. Openheit må og stå sentralt i krisetid.

Konsekvensane av å få ein 4-felts motorveg gjennom bygda er så inngripande, at folk har rett til å vite korleis vedtaka vert til, og å få delta i prosessen. Det er

ikkje nok med «avbetande tiltak» i etterkant. Bygder kan bli øydelagt for all framtid. Og den offentlege interessa er stor.

All honnør til Alver Senterparti som bidreg til openheit i E39-saka.

Me ber no om at alle partia i Alver kommune seier kva dei meiner i saka om framtidig trasé for E39 Knarvik-Elkefet, slik at vi får fram alle argument og synspunkt, og får saka godt belyst. Berre slik kan ein sørge for at det vert tatt gode val for framtida.

Kjersti Isdal og Arild Åase,
på vegne av bygdene Isdal og Åse